

Fra: Trude Brosvik (Trude.Brosvik@vlfk.no)

Sendt: 03.06.2020 15:37:48

Til: Politisk

Kopi:

Emne: Spørsmål til fylkesutvalet 08.06.20

Vedlegg:

Takstauken i fylkesvegferjer etter FT-sak 26/20

Vi har no passert 01.06 og endringa i takstregulativet / sonestruktur er gjennomført.

Det gjer sjølvstakt at reaksjonane på auken kjem.

Viss vi tar utgangspunkt i sambandet Askvoll-Gjervik (Atløy), så låg det i sone 3. Overfarten tar ca 10 min. Til samanlikning ligg riksvegsambandet Lavik-Oppedal i sone 6 (ca 20 min overfart)

Frå 01.01.20 var taksten (jfr Fjord1 si liste) kr. 87,00, medan prisen pr 01.06 er kr. 169,00.

Frå 01.06 er sona endra frå 3 til 13, som følgje av fylkestingsvedtaket, og overfarten med personbil kostar no kr. 169,00. Auken frå bilettpris før covid19-tiltak til 01.06 er i saka rekna til ca 30% (Autopass). Men når ein ser på kva som vert kravd inn, er auken på 48,52%.

Spørsmål:

1. Kva skuldast at auken utgjer 48,52% i bilettpris, når innføring av Autopass-prisar i saka er sagt å vere på ca 30%?
2. Er endringar i soner i samsvar med det som var vedtaket i saka?
3. Korleis har vedtaket frå fylkestinget vore kommunisert ut til brukarar?
4. Kva tid og korleis vil administrasjonen følgje opp det punktet som kom inn som tillegg til pkt 3, og den saka adm lova å kome tilbake med for å sjå på utslaga av vedtaket og evt korleksjon av soneplassering?

Trude Brosvik

KrF